



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hanne Melander, 5557 2265

Vår dato
06.05.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/3997 633.9
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland
Hordaland fylkeskommune

Dronning Sonjas skulepris 2015

Dronning Sonjas skulepris har ti-årsjubileum i 2015. Prisen skal også i år tildelast ein skole som har utmerka seg ved å praktisere likeverd og inkludering. Skoleigarar oppmodast til å sende inn forslag til kandidatar til Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga, innan 25. august 2015.

Kriterier for Dronning Sonjas skulepris

Dronning Sonjas skulepris skal kvart år tildelast ein skole som har utmerkt seg ved å praktisere likeverd og inkludering:

- Skolen arbeider langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert med elevane sitt læringsmiljø
- Skolen praktiserer likeverd og inkludering på ein slik måte at kvar enkelt elev opplever å bli verdsett i eit miljø som er prega av medverknad, trygghet og fellesskap
- Skolen er kjenneteikna ved positive relasjonar mellom elevane og dei tilsette, og elevane imellom, og ved eit godt samarbeid mellom skole og heim.

Dronning Sonjas skulepris er ein prestisjefull pris. Skolen treng likevel ikkje vere ”perfekt” for å kunne nominerast. Det er viktig at juryen får eit godt utval av kandidatar frå heile landet å velje mellom.

Korleis nominere kandidatar

Nominasjonsprosessen vil krevje ein innsats frå skuleeigarar og skuleleiinga i kommunane for å identifisere kandidatar blant grunnskolane, og tilsvarande frå fylkeskommunen når det gjeld aktuelle vidaregåande skolar. Skuleeigar må leggje relevant dokumentasjon med nominasjonen til Fylkesmannen. Utdanningsdirektoratet har laga eit skjema som skolane kan nytte når dei gjer greie for korleis dei arbeider med likeverd og inkludering, sjå lenke til heimesidene til Utdanningsdirektoratet: www.udir.no/dronningsonjasskulepris

Fylkesmannen i Hordaland skal nominere kandidatar frå fylket til prisen, og det er mogleg å renominere kandidatar frå tidlegare år. Utdanningsdirektoratet har ein jury som gjer det endelege valet. Juryen blir leia av professor emeritus , dr. philos. Edvard Befring, Universitetet i Oslo.

Frist for innsending

Kommunane må sende sine forslag til kandidatar til Fylkesmannen i Hordaland innan 25. august 2015. Forslaga sendast til fmhopostmottak@fylkesmannen.no .

Kontaktperson hos Fylkesmannen, utdanningsavdelinga er Hanne Melander. Ta gjerne kontakt om det er spørsmål.

Lenke til Utdanningsdirektoratet si heimeside:

www.udir.no/dronningsonjasskolepris

Prisutdeling

Prisen skal etter planen delast ut av Hennar Majestet Dronning Sonja på den prisvinnande skolen 23. november 2015.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.